



Tine Elise Berger
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1503 - 15/24771

Saksbehandlar:
Margit Rimeslåtten
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato
08.07.2015

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 38/55

Tiltakshavar: Tine Elise Berger

Grunneigar: Tine Elise Berger

Saka gjeld

Det vert vist til kommunen sitt brev av 06.05.2015 der du vart bedt om å gje tilbakemelding på vår førespurnad om mogleg ulovleg tilhøve på dykkar eigedom. Tilsvar var gitt på e-post datert 29.05.2015, og vårt svar på dykkar tilbakemelding vart sendt 03.06.2015.

Grunngjeving for varsling om pålegg om retting og tvangsmulkt

I tidlegare skriv er det gjort merksam på at oppført bygg, som vert nytta til stall, er i strid med planføremålet i reguleringsplanen. Vi har også informert om at eventuell komplett søknad må vere sendt til kommunen innan 24.06.2015 eller at bygget vart fjerna innan same frist. Det er ikkje motteke verken søknad eller tilbakemelding på at bygget er fjerna.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova då bygget er søknadspliktig, jf. plan- og bygningslova § 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1. Det vert også gjort merksam på at bruken av bygget er i stid med planføremålet.

Førehandsvarsel om pålegg om retting

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette gitt førehandsvarsel om at bygningsmyndigheitene med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vurderer å fatte vedtak om pålegg om



retting, dersom ikkje forholdet er brakt i lovlige former ved at tiltaket er fjerna innan 10.08.2015. Bygningsmyndighetene må underrettast skriftleg dersom tiltaket vert tilbakeført.

Som det er opplyst tidlegare er det høve til å søkje om tiltaket. Det må i så fall sendast komplett søknad om løyve til tiltaket innan same frist.

Førehandsvarsel om tvangsmulkt

I høve til forvaltningslova § 16 og plan- og bygningslova § 32-2 vert det med dette førehandsvarselet om at bygningsmyndighetene med heimel i plan- og bygningslova § 32-5, vurderer å fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom komplett søknad om løyve ikkje er innsendt eller det ulovlege arbeidet ikkje er tilbakeført innan fastsatt frist.

Andre opplysningar

Kommunen kan utferdige forelegg etter plan- og bygningslova § 32-6 dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert fulgt. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglane for dommar, jf. plan- og bygningslova § 32-7.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å uttale deg før pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt eventuelt vert vedteke. Frist for dette vert sett til 3 veker frå brevet er komme fram, jf. forvaltningslova § 16. Eventuell uttale bes sendt skriftleg til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller postmottak@lindas.kommune.no.

Gebyr

Det vert underretta om at det med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 vert berekna gebyr for brukt tid ved oppfølging av ulovlegheiter. Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknummer: 15/1503.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Margit Rimeslått
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.